



BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD



Det er ikkje mange av rommar i kyrkjene våre som ikkje er i bruk gjennom året.
Til og med kyrkjetårna er i bruk. Her: Tårnagenthelg i Bremnes kyrkje 16. april 2016

ÅRSMELDING 2016

INNHALD

BØMLO KYRKJELEG FELLESRÅD	3
SAMANSETJING	3
DESSE SAKENE HAR HATT HOVUDFOKUS	3
ADMINISTRASJONSUTVAL	4
KYRKJELEGE HANDLINGAR	5
ORGANISASJON	6
ARBEIDSGJEVARFUNKSJON OG PERSONALPOLITIKK	7
TILSETTE	7
ULØNA FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR	7
SAMLA LØNNSUTGIFTER	8
SJUKEFRÅVÆR	8
LIKESTILLING	8
IA-AVTALEN	8
SENIORPOLITIKK	9
ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT	10
ØKONOMISK RESULTAT OG RAMMEVILKÅR	10
RESULTATVURDERING	11
KOMMENTAR TIL BALANSEN	11
BRUTTO DRIFTSRESULTAT FOR KVAR FUNKSJON	12
SAMLA DRIFTSOVERSIKT	12
KYRKJELEG ADMINISTRASJON	12
KYRKJER	13
GRAVPLASSAR	13
ANDRE KYRKJELEGE FØREMÅL	14
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	15
INVESTERINGAR I 2016.....	16
RESULTATVURDERING	16
SAMANLIKNING AV INVESTERINGAR DEI SISTE ÅRA	17
OPPSUMMERING	18

BØMLO KYRKJELEG FELLESRÅD

SAMANSETJINGA AV FELLESRÅDET FRÅ 01.12:

Kyrkjeleg fellesråd	Vald av	Verv
Roald Stautland	Lykling sokneråd	Leiar
Berit Hallaråker	Bremnes sokneråd	Nestleiar
Odd Kåre Sakseid	Bremnes sokneråd	
Elisabeth Diane Håland Bjørnevik	Lykling sokneråd	
Trygve Totland	Bømlo sokneråd	
Solfrid Lønning	Bømlo sokneråd	
Elin Taranger	Moster sokneråd	
Mona Ingvaldsen Hodne	Moster sokneråd	
Asbjørn Gundersen	Geistleg repr.	
Sammy Olsen	Kommunal repr.	
Administrasjon		
Trygve Leigland	Kyrkjeverje	

DESSE SAKENE HAR HATT HOVUDFOKUS

Bømlo kyrkjelege fellesråd har i 2016 hatt seks møter og handsama 33 saker. Dette er dei viktigaste sakene gjennom året:

Arbeidet med og i kyrkjene og kyrkjegardane

- Mygglukst i Moster kyrkje vart kartlagt og oppklara.
- Det vart seinsommaren 2016 kjøpt inn nye klyppar til kyrkjegardsdrifta.
- Vart lagt opp nytt dreneringsordning ved Lykling kyrkje, og parkeringsplassen vart asfaltert.
- Fellesrådet vil arbeida for at orgelet i Moster kyrkje vert fornya før 2024-jubileet.
- Sokneråda fekk kr 100.000 til styrking av undervisning, diakoni og kyrkjemusikk over fellesrådet sitt budsjett.

Personalmessige saker

- Sekretær Aud Haldorsen slutta 1.4.2016
- Arne Salmelid slutta i stillinga som kyrkjeverje for å gå over i ei nyoppretta stilling som konsulent.
- Trygve Leigland fekk eitt års permisjon frå si stilling som kyrkjelydspedagog og gjekk over i stillinga som kyrkjeverje frå 1.4.2016. Han fungerte både som kyrkjeverje og kyrkjelydspedagog frå 1.4 til konfirmasjonane var over. På slutten av året fekk han innvilga eitt år til med permisjon. (fram til 1.4.2018)

- Liv Merete Fylkesnes Pedersen auka si stilling frå 50% til 80% frå 1.5.2016 til 1.4.2017
- Åse Innvær starta som kyrkjelydspedagvikar i 60% stilling frå 15.8.2016 til 1.4.2017
- Det er tilsett ny teknisk med to-årsavtale i Lykling kyrkje. Avtalen gjeld for 2016 og 2017.
- To seniorar hadde arbeidsavtale «med pensjonistvilkår»: Audny Johnsen og Ola Ersland.

I forhold til kommunen og det offentlege rom

- Kommunen løyvde 7.514.000 kroner til kyrkjeleg fellesråd i 2016, ei auke på 219.000. Den reelle lønnskostnaden i 2016 gjekk opp med 584.000 og skuldast i hovudsak situasjonen med omorganisering i administrasjonen.
- Som følge av krevjande omstrukturering i staben lokalt, vart ikkje investeringsmidlane nytt maksimalt i 2016. Dette, saman med kommunen sine andre satsingsområder dette året, vart det ikkje gjeve investeringsmidlar for 2017.

Utøving av forvaltaransvar

- Nye maskin for gravplassforvaltning er kjøpt inn i 2016.
- Ordna drenering frå Lykling kyrkje, og lagt asfalt dekke på heile parkeringsplassen ved kyrkja.

ADMINISTRASJONSUTVAL

Administrasjonsutvalet si samansetjing i 2015-2019: Leiar var Roald Stautland og nestleiar Berit Hallaråker. I tillegg var Trygve Totland arbeidsgjevarrepresentant. Åse Berit Haldorsen og Laila Hansen Røksund er begge tillitsvald. Sekretær er Trygve Leigland.

Desse er varamenn i prioritert rekkefølge:

Elin Taranger
Elisabeth Bjørnevik
Odd Kåre Sakseid

Administrasjonsutvalet har vore samla til to møter i året som gjekk. Utvalet tilsatte ny vikar for kyrkjelydspedagog – Åse Innvær, og gav Liv Merete Fylkesnes Pedersen auke med 30% stilling i Trygve Leigland sitt permisjonsforhold då han takk ja til stillinga som kyrkjevevjer.

ARBEIDSMILJØUTVAL (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har ikkje hatt noko møte i 2016.

AMU skal ha fokus på dei tilsette sin arbeidssituasjon og arbeidsmiljøet. AMU handsamar saker som vernerunde, handlingsplan, avviksmeldingar og sjukefråvær.

Medlem i AMU for 2015-2019 er:

Leiar Roald Stautland er automatisk medlem i AMU. Nytt fast medlem er Elisabeth D.

Bjørnevik og vara er Elin Taranger.

Bodil Sætre og Jostein Molde er representantar for dei tilsette. Jostein Molde er verneombod. I tillegg møter ein representant frå Bedriftshelsetenesta Ysst.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

1. Tal på kyrkjelege handlingar med unnatak av gravferd. Døyppte og konfirmerte angir tal på personar.

	2016	2015	2014	2013
Døyppte	125	121	140	127
Konfirmerte	152	149	132	136
Vigsel	12	32	11	12
Gudstenester	209	220	213	201
Musikkandakt/konsertar	20	27	26	37

Om lag 92 % av alle nyfødde i Bømlo vart døyppte i Den norske kyrkja. Om lag 80 % vart konfirmerte. Ser ein på prosent konfirmerte av døyppte er det første gong på mange mange år der alle medlemmer vert konfirmert. (100% av døyppte 15 åringar i Bømlo kommune /medlmmar som er 15 år vart konfirmert).

2. Gravferd

	2016	2015	2014	2013
Gravlagde i alt	89	106	100	105
Av desse:				
Grav der det vert reservert ved sida av	33	38	32	35
Bruk av tidlegare reservert grav	23	42	40	43
Bruk av enkel grav	17	22	18	22
Urnegrav	5	5	10	5
Askespreiing	2			
Personar med bustad utanfor kommunen	5	5	8	6
Gjenbruk av grav	9	3	7	3

Det er første gong det er vorte praktisert askespreiing i Bømlo kommune.

3. Talet på personar som er innom kyrkja gjennom året:


	2016	2015	2014
Deltaking ved gudstenester totalt	23.565	22.943	24.430
Deltaking ved konsertar totalt	2.873	5.010	4.465
Deltaking ved gravferd totalt	11.829	12.300*	12.334
Deltaking ved vigsel	888	2.520	1.087
SUM DELTAKING	39.155	42.773	42.316

*Frammøte vedd gravferd vart ikkje telt i 2015.

Besøkjande som er innom kyrkje grunna kor-deltaking, trusopplæringstiltak, møteverksemt, vigsels- og dåpssamtalar er her ikkje teke med.

ORGANISASJON

Organisasjonskart vert oftast sett opp hierarkisk med leiar og tilsette. Eit alternativt organisasjonskart knytt til funksjon, kan sjå slik ut



ARBEIDSGJEVARFUNKSJON OG PERSONALPOLITIKK

TILSETTE

Ved utgangen av 2016 er Bømlo kyrkjelege fellesråd arbeidsgjevar for 25 personar.

Leiar	100 %	Trygve Leigland	Kyrkjeverje
Støttefunksjonar			
• Administrasjon 180%		Arne Salmelid	Konsulent
		Anne Berit Fylkesnes	Sekretær kyrkjelydskontor
• Undervisning 220 %		Laila Hansen Røksund	Kyrkjelydspedagog
		Åse Innvær	Kyrkjelydspedagog
		Liv Merete Fylkesnes Pedersen	Kyrkjelydspedagog
• Kyrkjemusikk 200 %		Jostein Molde	Kantor i Bremnes og Lykling
		Øystein Skullerud	Kantor i Bømlo og Moster
• Diakoni 100 %		Sissel Johanne F. Våge	Diakonimedarbeidar
Kyrkjelydane			
• Bremnes kyrkje 90 %		Svanhild Ersland Kvernøy	Reinhaldar
		Arnfinn Norheim	Kyrkjetenar
		Karsten Nesse	Klokkar
		Marit Dahl Hollund	Klokkar
• Bømlo kyrkje 44 %		Gunn Stensen	Klokkar 1 og reinhaldar
• Lykling kyrkje 22 %		Svanhild Ersland Kvernøy	Reinhaldar
		Elisabeth Bjørnevik	Klokkar 1
		Ola Ersland	Klokkar 1
• Moster kyrkje 46%		Sara Naustbakken	Reinhaldar
		Nasreen Naustbakken	Kyrkjetenar
		Sonja Ekse	Klokkar
		Audny G. Johnsen	Klokkar
Kyrkjegardsdrifta			
	175 %	Åse Berit Haldorsen	Leiar kyrkjegardsdrifta
		Bodil Sætre	Kyrkjegardsarbeidar

ULØNA FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Uløna frivillige medarbeidarar gjennom heile eller delar av året:
Laila Bauge (klokkar på Espevær)

Teknikarane Andreas Tislavoll (Bømlo), Halvdan Endresen (Moster) og Jenny Frimannslund har alle spesialavtale og midlertidig tilsette ut 2017.

Mange andre er med og gjer ein stor og uvurderlig frivillig innsats i det synlege rom. Nokre gode medarbeidarar arbeidar meir i det stille, men er like viktige.

SAMLA LØNNSUTGIFTER

Lønn er i 2016 finansiert ved:

Statleg tilskot	1.485.000	19,7 %
Kommunalt tilskot	5.540.200	73,5 %
Innsamla midlar	287.000	3,8 %
Tilskot frå sokneråd	200.000	2,6 %
Fond	22.800	0,3 %
	7.535.000	100 %

I 2016 utgjorde lønn 64,5 % av driftsbudsjettet mot 63,1 % året før.

SJUKEFRÅVÆR

Den store endringa i stabssituasjonen, og ein underbemanna situasjon i administrasjonen hausten 2016, har diverre ført til at statistikk oppfølginga av sjukefråvær for 2016 ikkje har vorte følgt opp slik det burde. Ein har difor ikkje fått på plass sjukefråværsstatistikken for 2016.

Generelt kan ein seie at året har vert prega av unormalt høgt sjukefråvær. Det har vore fleire sjukemeldingar som har gått over ei veke.

Beklageleg vis er oppfølging av sjukemeldingsstatistikk nok av det som har komme langt ned på prioriteringslista over gjeremål i 2016, noko som har ført til at ein ikkje får eksakt statistikk fram i årsmeldinga.

LIKESTILLING

Etter likestillingslova § 1a er verksemder som er pålagt å utarbeida årsmeldingar også pålagt å rapportera om tiltak som er iverksett og tiltak som er planlagt iverksatt for å fremma likestilling og for å forhindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova.

Bømlo kyrkjelege fellesråd har ikkje utarbeidd eigen handlingsplan for likestilling. Likevel er verksemda ganske merksam på og ynskjer ein balansert kjønnsfordeling mellom dei tilsette.

36 % av alle tilsette er menn og 64 % er kvinner.

Dersom ein reknar med dei statleg tilsette sokneprestane i staben på kyrkjekontoret, er forholdet her at kvinner utgjør 57 % av staben og menn utgjør 43 %.

Mennene i organisasjonen har i snitt lenger utdanning enn kvinnene. Berre ei av kvinnene jobbar 100% i fellesrådet.

IA-AVTALEN

Etter intensjonsavtale som vart underskriven av partane ved årsskiftet 2014-2015 er følgjande tre lokale delmål vedtekne som ei målsetting i ADMU den 15.04.2015: Delmål 1 og 2 vart då vidareført med same målsetting som før.

Delmål 3 vart vedteken med heilt ny ordlyd.

Delmål 1: Sjukefråvær

- a) 1. Sjukefråvær under 5 %.
2. Ingen arbeidsrelatert sjukemelding.
- b) 1. Krav om kontaktpunkt med arbeidskollegaer etter 4 veker.
2. Kontakte NAV etter 4 veker for å rådspørje hjelp for tilrettelegging.

Delmål 2: Personar med redusert funksjonsevne

- a) Når ein arbeidstakar får redusert arbeidsevne, skal det straks førebust tiltak for å til rette legge til rette slik at arbeidstakar framleis kan stå i jobb.
- b) 1. Fellesrådet er positiv til å vurdere ein person ein gong i året.
2. IA-gruppa (verneombod, personalrådgjevar og kyrkjeverje) drøftar kvart tilfelle.

NYTT delmål 3: Avgangsalder

- 1. Nytt delmål 3: Fellesrådet har som målsetting at tilsette veljer å forlenga den yrkesaktiv periode ved fylte 62 år utan å ta ut AFP. Målsettinga kan nås med bruk av desse virkemidlane:

- a. Arbeidstakar får tilbod om ei veke årleg fordjuping/studieveke frå fylte 62 år og to veker frå fylte 65 år

Desse retningslinjene gjeld:

- (i) Arbeidstakar med 20% stilling eller høgare får innvilga årlege fordjupingsdagar etter søknad.
- (ii) Perioden på ei veke gjeld tilsette i heil stilling. Talet på fordjupingsdagar vert redusert tilsvarande for deltidsstilling.
- (iii) Fordjupinga skal vera innafor eit arbeidsrelatert tema.
- (iv) Tidspunktet for fordjupinga skal skje når det ikkje er til hinder for arbeidet og skal ikkje nyttast som forlenging av ferieveke.

- b. Arbeidstakar får tilleggslønn på kr 5.000 i årleg kompensasjon.
- c. Ordninga med punkt a) og b) fell bort dersom arbeidstakaren vel å nytta seg av ordninga med delvis AFP.
- d. Tidlegare ordning om 20 prosent redusert arbeidstid kombinert med delvis uttak av AFP opphøyrer.

Desse delemåla vert vidareført.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

(tal i 1000)	Rekneskap	Oppr.bud.	Rev.bud.	Avvik
Sum driftsinntekter	-11.687	-11.617	-11.617	70
Sum driftsutgifter	11.854	11.566	11.566	-288
Brutto driftsresultat	167	-51	-51	-218
Sum eksterne finansinntekter	-32	-46	-46	-14
Sum eksterne finansutgifter	0	0	0	0
Netto driftsresultat	135	-97	-97	-232
Sum bruk av avsetningar	-454	-38	-38	416
Sum avsetningar	319	135	135	-184
Mindreforbruk / meirforbruk	0	0	0	0

ØKONOMISK RESULTAT OG RAMMEVILKÅR

- Rammetilskotet frå kommunen til drift var i 2016 kr 7.514.000 mot kr 7.295.400 i 2015.
- Lønnskostnadene i 2016 var 7.535.000. Den reelle lønnskostnaden i 2016 gjekk opp med 584.000 og skuldast i hovudsak situasjonen med omorganisering i administrasjonen.
- Resultatet for driftsrekneskapen for 2016 viser eit underskot på kr 135.161. Ein kjem likevel på plussida når ein trekkjer inn udisponerte midlar frå tidlegare år og tek med bruk av fond, etter omstilling i stellavtalepraksisen, vert det likevel sett av 314.014 til disponible fond og 4.805 til bundne fond.
- Rekneskapen for Gjevartenesta/Diakoni går med eit underskot på kr 22.862 som ein tek av bundne fond. (Vedlegg 11)
- For andre bundne driftsfond, sjå note 4 i Vedlegg 17
- Rekneskapen for Trusopplæringa er ført opp med eit underskot på kr 748 med eit samla budsjett på kr 863.000. (Vedlegg 12). Diakonimedarbeidar blir lønna 20% av desse midlane.
- Rekneskapen for gravstell er pr 31.12. bokført som bunde fond. Fondet er på kr 765 165, ei nedgang på kr 136.484 frå året før. Den veldig store nedgangen i gravstellfondet skyldast omlegging av gravstellavtalepraksisen. Gravstellrekneskapen har eit eige rekneskap. Sjå vedlegg 15.

Sjå vedlegg 8 i årsrekneskapen. Her er Alle kyrkjelege føremål (044*) samla fordelt på tenesteyrmda.

Hovedtala for tenestekområda ser slik ut:

Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	SALDO
041* Kyrkjeleg administrasjon	2 448 446	-2 121 815	326 631
042* Kyrkjer	4 227 056	-4 320 900	-93 843
043* Gravplassar	2 396 907	-2 322 201	74 705
044* Andre kyrkjelege føremål	2 781 554	-2 922 085	-140 531
089* Finansieringstransaksjonar	2 091 212	-2 258 174	-166 962
	13 945 175	-13 945 175	0

RESULTATVURDERING

Fellesrådet sin rekneskap for 2016 er gjort opp i balanse med 314.014 i avsetning til disposisjonsfond. Rammeoverføringa frå kommunen auke med 219.000 frå 2015 til 2016, noko som utgjer prisvekst. Ein håpte også på ei ekstra bevilling frå kommune på 275.000 til omorganisering av leiarstillinga. Dette fekk ein ikkje innvilga.

Samla driftsinntekt vart kr 70.000 høgare enn rekna med, trass fleire lågare tilskot enn ein hadde rekna med. Mykje av det som skyldast høgare driftsinntekter er innbetalingar i forbindelse med pilgrimstur til Spania hausten 2016. Samtidig var driftskostnaden 287.663 høgare enn budsjettet. Det gir eit brutto driftsresultat på 166.962.

Forklaring til avvik:

- Det negative resultatet kan mykje skyldast ekstrabevillinga på 275.000 som ein ikkje fekk innvilga frå kommunen.
- Mykje av dette er likevel henta inn igjen gjennom sjukemeldingspengar, og at dette ikkje vart brukt for å skaffe vikar.
- Antal givarar til diakonitenesta har vore nok så konstant gjennom 2016. Desse gav samla litt over 14.000 meir enn budsjettet.

Bunde driftsfond minka i 2016 med kr 170.879, sjå Note 4

KOMMENTAR TIL BALANSEN

Eigenkapitalen i Bømlo kyrkjelege fellesråd minka med 1.021.379. dette skuldast små investeringsprosjekt i 2016.

Det er ingen langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er relatert til skattetrekk, arbeidsgjevaravgift og feriepengar.

Udisponerte investeringsmidlar er i balansen fastslått til kr 474.574.

BRUTTO DRIFTSRESULTAT FOR KVAR FUNKSJON

SAMLA DRIFTSOVERSIKT (i tusen)

	Rekneskap	Opp.bud.	Rev.bud.	Avvik
0410 Kyrkjeleg administrasjon	327	35	35	-292
0420 Kyrkjer	-94	0	0	94
0430 Gravplassar	75	-135	-135	-209
0440 Andre kyrkjelege føremål	-140	49	49	189
BALANSE	-167	-51	-51	-218
0890 Finansieringstransaksjonar	167	-51	-51	-218

Kyrkjeleg administrasjon

Tenester/oppgåver

Denne funksjonen ivaretek Kyrkjeleg fellesråd som rådsorgan saman med tilsett kyrkjevevje og sekretær. I tillegg dekker denne funksjonen andre oppgåve av fellesadministrativ karakter, som kontor og datautstyr, kontingent og rekneskapsføring og revisjon for både sokneråd og fellesråd. Fellesrådet har ansvar å stilla med kontorutstyr også for dei tre statleg tilsette prestane.

Ansvarsområdet vert finansiert ved rammeoverføring frå kommune og renteinntekter.

Lønsutgifter står for 64 % av den samla driftskostnaden.

Mål og måloppnåing

- Ved utgongen av 2016 er her svært underbemanna grunna sjukdom. Situasjonen på administrasjonssida for Bømlo kyrkjelege fellesråd har i 2016 vore prega av store omstillingar, og krevjande situasjonar.

Økonomisk resultat (drift)

	Rekneskap	Oppr.bud.	Justering	Rev.bud.	Avvik
0410 Kyrkjeleg administrasjon					
• Bruk av midlar	2.448	2.372	0	2.372	-76
• Tileigna midlar	-2.122	-2.337	0	-2.337	-215
Brutto driftsresultat	327	35	0	35	-292

Forklaring avvik: Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
 Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Det er brukt kr 76.000 meir en budsjettert, samtidig som det også er tilført kr 215.000 mindre enn budsjettert. Samla er det eit negativt avvik på kr 292.000. Den store negative inntektsdifferansen skuldast i første, som tidlegare nemnd, ei ekstrabevilling frå kommunen som ikkje vart innvilga.

Utfordringar

- Å gjennomføra ei god drift på kyrkjekontoret i kjølvatnet av stor omstilling i administrasjonen.

- Å skapa nye gode rutinar på den daglege drifta i etterkant av nær total utskifting i administrasjonen.
- Å sikra god økonomisk drift gjennom å forvalte midlane effektivt.
- Ivareta alle medarbeidarane ved å ha ein god personalpolitikk og eit godt arbeidsmiljø.
- Ivareta kyrkjene og inventar på ein best mogleg måte.

Kyrkjer

Tenester/oppgåver

Denne funksjonen ivaretek alle driftsomkostningane med kyrkjebygga, inkludert løn for dei tilsette i kyrkjene, sekretær og kontorane. Etter ein avtale i 2010 mellom Bjørgvin bispedøme, Bømlo kommune og Bømlo kyrkjelege fellesråd skal fellesrådet dekkja 50 % av lønskostnadane for den eine prestestillinga i 12 år.

Funksjonen vert finansiert ved rammeoverføring frå kommunen.

Lønsutgifter står for 70 % av den samla driftskostnaden.

Mål og måloppnåing

- Det vart tilsett ny teknikkar i Lykling kyrkje sommaren 2016.

Økonomisk resultat (drift)

0420 Kyrkjer	Rekneskap	Oppr.bud.	Justering	Rev.bud.	Avvik
• Bruk av midlar	4.227	4.307	0	4.307	80
• Tileigna midlar	-4.321	-4.307	0	4.307	14
Brutto driftsresultat	-94	0	0	0	94

Forklaring avvik: Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
 Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Det er eit samla avvik på kr 94.000. Det er kostnadsført kr 80.000 meir enn budsjettert og samtidig inntektsført kr 14.000 meir enn budsjettert. På kostnadssida er det eit mindreforbruk på lønn. Dette skuldast for mykje budsjettert på pensjon og arbeidsgjevaravgift. Det har vore svært mykje høgare straumutgifter i forhold til det som var budsjettert. Dette er teke inn igjen på svært mykje mindre midlar brukt til vedlikehald kyrkjer enn det som var budsjettert.

Utfordringa

- Å sikra at den tekniske delen av oppgåva ved kyrkjelege handlingar vert ivareteke og kvalitetssikra ved hjelp av dyktige teknikarar og godt utstyr.
- Å sikra eit høgt vedlikehaldsnivå på kyrkjene.

Gravplassar

Tenester/oppgåver

Denne funksjonen ivaretek drift og forvaltning av dei 14 gravplassane i kommunen. Her er det to tilsette i tilsaman 175 % stilling med 25 % stillingsauke i sesongen. I tillegg vert det kjøpt

gravarteneste frå privat aktør i samband med gravferd. Fellesrådet sine transportmidlar og større utstyr er knytt til drift av gravplassane og uteområda til kyrkjene.

Funksjonen vert finansiert ved rammeoverføring frå kommune, i tillegg til gravfesteavgift og andre betalingstenester.

Lønsutgifter står for 46 % av den samla kostnaden.

Mål og måloppnåing

- Det vert kommentert at gravplassane er velstelte og fine.

Økonomisk resultat (drift)

0430 Gravplassar	Rekneskap	Oppr.bud.	Justering	Rev.bud.	Avvik
• Bruk av midlar	2.397	2.131	0	2.131	-266
• Tileigna midlar	-2.322	-2.266	0	-2.266	56
Brutto driftsresultat	75	-135	0	-135	-209

Forklaring avvik: Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
 Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Denne funksjonen har eit negativt avvik på kr 75.000. Det er brukt kr 266.000 meir enn budsjettert, men samstundes tilført 56.000 meir enn forventa. Kjøpt av forbruksmateriell og utstyr til maskinar er svært mykje høgare enn budsjettert. (Drift/vedlikehald transportmiddel - 20', Drift/vedlikehald maskinar/utstyr -40', Anna forbruksmateriell -150')

Det kom inn kr 378.450 i festeavgift i 2016. Det er 36.550 dårlegare enn budsjettert. Mykje av dette skyldast at festeavgifta ikkje gjekk ut før oktober/november.

Utfordringa

- Kunne gjennomføre mindre vedlikehald innan for ramma til driftsbudsjettet.
- Sørge for at dei tilsette har tenlege og effektive hjelpemiddel.
- Å sikra god forvaltning ved å halda gravplassane fine og utnytta området effektivt
- Å sikra gode medarbeidarar til sesongstillinga (40 % i seks månader) og sommarhjelp.
- Sørge for god oversikt over antal ledige graver på alle gravplassane.

Andre kyrkjelege føremål

Tenester/oppgåver

Dette området ivaretek kyrkjelydane sine kjerneoppgåver som undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Tiltak i samband med trusopplæringsreforma og lønsmidlar til pedagogane og diakon er kjerneområder.

Ansvarsområdet vert finansiert ved statleg tilskotsordning til kyrkjelydspedagog, statleg tilskot i samband med Trusopplæringsreforma, rammeoverføring frå kommune - og innsamla midlar og renteinntekt i samband med Gjevartenesta for diakon.

Lønsutgifter står for 67 % av den samla kostnaden.

Mål og måloppnåing

- Mål om å styrke det økonomiske bæregrunnlaget til diakonstillinga.
- Oppretthalda tre kyrkjelydspedagogar i tilsaman 2,2 årsverk.
- Rekruttera tilstrekkeleg med frivillige til å gjennomføra faseprogrammet etter planen.

Økonomisk resultat (drift)

0440 Andre kyrkjelege føremål	Rekneskap	Oppr.bud.	Justering	Rev.bud.	Avvik
• Bruk av midlar	2.781	2.756	0	2.756	-25
• Tileigna midlar	-2.922	-2.707	0	-2.707	215
Brutto driftsresultat	-140	49	0	49	189

Forklaring til avvik: Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt

Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Samla avvik her er 189.000. Trusopplæring, kyrkjelydsarbeidet, konfirmantarbeidet, misjonsarbeidet i Sangaste og gjevartenesta er alle eigne funksjonar, er ein eigen funksjon i rekneskapen og vert budsjettert i null. Det opprinnelege budsjettet for 2016 var underbudsjettert med kr 50.000. Avviket i 2016 var kr 189.000 (vedlegg 8). Det ligg ved rekneskap for kvart av desse områda.

Utfordringar

- Å få til eit godt samarbeid mellom tilsette, frivillige og råd ved iverksetting av tiltaka i trusopplæringsplanen.
- Å skaffa nok frivillige til å gjennomføra trusopplæringsplanen.
- Å få barn og unge til å kjenna tilhøyring til gudstenestefellesskapet.
- Å sikra nødvendig finansiering av diakonstillinga gjennom å bygga ut Gjevartenesta for diakon og tenka utvida samarbeid med kommunen og lokale aktørar.

089 Finansieringstransaksjonar

Dette er ein rapporteringsfunksjon som skal rapportera finansielle transaksjonar – i praksis på 5* og 9*-kontoane. Finanspostar, som renteinntekt, skal likevel førast i annan funksjon dersom den naturleg høyrer heime ein annan plass. Til dømes vil renter frå diakonifondet bli tilgodeskrevne Gjevartenesta og ikkje fellesrådet sin totale rekneskap.

INVESTERINGAR FØRT I 2016

GJENNOMFØRTE PROSJEKT I 2016

Innkjøp av maskin	174.892
Asfaltering av parkeringsplass Lykling	541.814
SUM disponert	716.706

FINANSIERING av prosjekta

Tilskot frå kommunen 2016	1.000.000
Tildl- års udisponert	92.877
Utlån, aksjar	-34.313
Kompensasjon mva	132.717
SUM tilført	1.191.281

RESULTATVURDERING

Det vart i 2016 overført 10% av prosjektverdiane på asfaltering på Lykling og innkjøp av grasklyppar til eiga drift som følgje av eigen konsulentbruk.

Seinsommar 2016 vart det kjøpt inn ny maskin/klyppar for drift og vedlikehald på kyrkjegardane. Budsjettramma var i utgangspunktet 100.000 men ein valte å gå for ei større maskin av høgare kvalitet. Pluss litt tilleggsutstyr og 10% på eigen konsulentbruk var det eit lite avvik mellom budsjett og rekneskapen.

Hausten 2016 vart parkeringsplassen ved Lykling kyrkje asfaltert. Budsjettramma var på 400.000, men grunna eit betre, og meir omfattande, grunnarbeid enn først tenkt gjekk ein her over budsjett med 41.485 per 31.12. Det meir omfattande grunnarbeidet innebar å få drenering frå takrenne på kyrkje lagt under asfalten. I tillegg vart det lagt inn sandfangkum i nedste hjørnet av parkeringsplassen. Det vart asfaltert rundt heile servicebygget og kvaliteten på avløpet frå servicebygget vart gjennomgått. Det vart også gjort omstillinga i forhold til lyssettinga av kyrkja og oppsett for lys over parkeringsplassen. Prosjektet var ikkje ferdigstilt per 31.12, men det einaste som gjennstår er lyktestolpe for lys over området.

Bømlo kommune løyvde i 2016 uspesifiserte investeringsmidlar til Kyrkjeleg fellesråd på kr 1.0 mill.

Investeringsrekneskapen for 2016 (vedlegg 4) er gjort opp i med udisponerte/ubrukne midlar på kr 474.574

SAMANLIKNING AV INVESTERINGANE DEI SISTE ÅRA

(Tal i 1000)	2016	2015	2014	2013	2012
Sum investeringar	584	3.017	4.803	765	677
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	184
Mva	133	504	1.163	179	133
Aksjar i KLP	34	28	24	22	
Sum udisponert	474	0	777	0	0
Sum avsetningar	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERINGSBEHOV	1.225	3.549	6.767	966	994
Sal av driftsmidlar	0	0	0	0	
Refusjonar	-133	-504	-1.168	0	
Kalkulatoriske postar	0	-964	0	0	0
Tilskot frå kommunen	-1.000	-1.500	-1.000	-3.224	-3.000
Tidlegare års avsetning	0	0	-9	0	0
Tidlegare års udisponert / eigne fond	-92	-581	-4.590	-97	
Overføring frå driftsrekneskapen (mva)			0	-143	-80
SUM FINANSIERING	1.225	-3.549	-6.767	-3.464	-3.080
Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0	0	2.498	2.085

OPPSUMMERING

Bømlo kyrkjelege fellesråd er ved årsskifte arbeidsgjevar for 25 tilsette, medrekna tre teknikarar. Desse utfører per 31.12.2015 til saman 11,77 årsverk. Teknikarane er ikkje med her. Det er heller ikkje rekna inn 0,20 årsverk som vert nytta i sommarhalvåret.

Arbeidet i Administrasjonsutvalet og Arbeidsmiljøutvalet har vore noko mindre aktivt enn tidlegare år, grunna omorganisering og ny dagleg leiar for fellesrådet.

Rekneskapsmessig kom fellesrådet ut i balanse. Samstundes var netto dritsresultat i underskot på 135.161. Bruk av bundne fond (omlegging av gravstell, 184.815) og udisponert frå fjoråret (269.166) er det sett av 4.805 til bundne fond, og 314.014 til disposisjonsfond.

To små investeringsprosjekt vart påbegynt i 2016, eit av dei var avslutt til nyttår. Ny grasklyppar og asfaltering på Lykling. På investeringssida er dei samla udisponerte midlane nå kr 474.574 (vedlegg 2)

Balansen syner at det er ingen vesentleg gjeld.

Sett året i si heilheit, med store omstillingar i administrasjonen, ynskje om ekstra bevilling får kommunen som ein ikkje fekk innvilga, og ein forholdsvis turbulent år, må ein likevel seie at reint økonomisk har ein komme godt i frå det. Utfordringa for kommane år er å utarbeida gode rulleringsplanar for investeringsbudsjett og utarbeida gode vedlikehaldsplanar for kyrkjer, driftsbyggingar og kyrkjegardar.